

KYRKJEBLAD

55. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 4/2001

Denne hausten er det val til nytt sokneråd. Difor er kyrkjebladet denne gongen fylt med stoff om valet. Mykje nyttig informasjon for deg som skal røysta.

Di kyrkje?



I tillegg til valstoffet har me andakt, slekters gang og liste over dei neste gudstenestene som vanleg.

Neste nummer av kyrkjebladet kjem ut i veke 39 og vert óg svært prega av valet. Då vil me mellom anna presentera kandidatane.



Val 2001

VAKSDAL PRESTEGJELD**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

e-post:

kyrkjekontoret@vaksdal-kyrkjer.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,

onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

e-post:

kyrkjeverja@vaksdal-kyrkjer.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20,

e-post:

soknepresten@vaksdal-kyrkjer.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobiltlf 90196514

e-post: frode.kvamsøe@c2i.net

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: kapellanen@vaksdal-kyrkjer.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**KYRKJEBLAD FOR
VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de øvst i denne spalta.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome til Kyrkjekontoret innan

14. september. Neste nummer kjem ut i

veke 39.

Sumar summarium

I år var det ein av desse feriane som minnar om lotto. Kven trekte den rette ferieveka i år? Gevinsten var høg, i form av ei heil veke med sol og varme, helst før feriepengane var oppbrukte.

Me som bur i Vaksdal har liksom meir å sjå fram til enn mange andre i landet vårt.

I tillegg til å ynskja seg frelse, god helse, økonomisk velstand, gilde born og fred i verda ynskjer me oss fint ver. Smålatne som me er, kan ein solglytt om morgonen gjere dagen til ei fest.

Veret betyr noko for oss som bur i ruskeværet si rundkøyning. Me er på ein måte i ytre, midtre og indre strøk i vêrmeldinga samstundes.

Når ferien er slutt, og skulane byrjar, er det ofte finare ver. Då reiser ein heim frå arbeid i ein solvarm bil, og skal freiste å samle dei siste restane av solenergi og opplagsnæring til kropp og sjel. Og snart byrjar jakta i haustgule lier, med nysnø som melis på fjelltoppane og blå himmel heile synsranda rundt.

Og soknerådsvalet.

**KYRKJEBLADET
RETTAR**

I Slekters Gang: Jorill Nese var døypt 58.03. 1999 og skulle ikkje stått i denne oversikten.

Det var og nokre feil i gudstenesteoversikten.

Me seier oss lei for feilane.

**Informasjon om
soknerådsvalet på internett**

På www.kirken.no/valg fin du informasjon om valet. Sidene er utvikla av kyrkjas informasjons-teneste. Her finn du til dømes svar på kven som kan stille til val, kven som kan røyste, kva som er soknerådas ansvar og oppgaver, og om korleis andre har opplevd det å sitje i soknerådet. Sidene vert jamnleg oppdatert i heile valperioden.

Nytt e-postadressa

valg@kirken.no eller alminnelig postadresse: Valg, Kirkerådet, Postboks 5913 Majorstua, 0308 Oslo



Val 2001

STÅR DU I DET KYRKJELEGE MANNTALET?

Viss ikkje kan du ikkje røyste ved soknerådsvalet.

Du kan undersøkje om du står i manntalet i det soknet du bur ved å henvenda deg til kyrkjekontoret **innan 1. sept.** Du bør gjera det så snart som mogeleg.

Dette gjeld og personar som er døypte i eit anna land og som no bur i Noreg. Desse må vera innmeldte i Den norske kyrkje for å få røysterett.

Manntalet vert lagt ut til ettersyn på Kyrkjekontoret på Dale i tida 3. – 21. september.

Klage over at ein sjølv eller nokon annan med urette er innført eller utelaten frå manntalet må vera komme inn til soknerådet seinast 3 veker før valet, dvs **21. sept.** Klagene skal vera skriftlege og grunngjevne

VALDAGANE

Valet vert halde: søndag **14. oktober:** Vaksdal
søndag **21. oktober:** Dale, Stamnes, Eidsland, Eksingedalen
søndag **28. oktober:** Bergsdalen
søndag **11. november:** Nesheim

Valet vert halde i samband med gudstenesta i kyrkjene den dagen. Nærare tidspunkt vil verta kunngjort i neste kyrkjeblad og i Vaksdal Posten når valet nærmar seg.

Hald deg orientert om stad og tidspunkt for valet!

FØREHANDSRØYSTING

Kan du ikkje møta opp sjølve valdagen er det høve til å førehandsrøysta **frå 2. okt. til 13. okt.** på Kyrkjekontoret. Ta med legitimasjon. Det vert og høve til førehandsrøysting lokalt, sjå nærare oppslag.



Val 2001

Dei som midlertidig oppheld seg i eit anna sokn enn dei er registrert busett i (gjeld t.d. studentar) kan røyste ved valet i det soknet dei er registrert busette ved å røysta på førehand i det soknet dei midlertidig oppheld seg i. Det er viktig at ein då i god tid på førehand får tilsendt valliste for det soknet ein skal røyste i. (Valliste får ein ved å henvenda seg til kyrkjekontoret i det soknet ein er registrert busett.)

Ved spørsmål, ta kontakt med Kyrkjekontoret:

Fabrikkvegen 3, 5722 Dalekvam

tlf: 56 59 39 20 eller e-post: kyrkjekontoret@vaksdal-kyrkjer.no

Kyrkjekontoret har opningstid tysdag og torsdag 9.00 – 13.30 og onsdag 10.30 – 13.30.

Framtida er like rundt hjørnet Oppgåver og moglegheiter

Kva er kyrkja? Kven er kyrkja? Tenkjer du nokon gong på kva slags kyrkje du ønskjer? Til hausten skal det veljast nye sokneråd. Råda får viktige oppgåver. Er det noko du kan hjelpe med for at kyrkja og den lokale kyrkjelyden kan bli enda betre?

Soknerådet har eit ansvar for det som skjer i kyrkjelyden lokalt. Rådet skal vere med på å skape ein trygg fellesskap og byggje opne relasjonar, så kyrkjelyden kan vere ein møtestad for tru, kultur og kvardags-spørsmål. Rådet skal hjelpe til at kyrkja er levande i lokalmiljøet.

Soknerådet har ansvar for undervisning, omsorgsarbeid (diakoni) og kyrkjemusikk lokalt. Det er soknerådet som bestemmer kven det skal samlast inn pengar til under gudstenesta, korleis kyrkjehuset skal brukast, om kyrkjelyden skal ha ein "grøn profil" og korleis ein kan samarbeide med andre frå det lokale kulturmiljøet. Det er soknerådet som har ansvaret for at konfirmantane får ei rik konfirmanttid i ei høveleg form.

Kan eg da? - Kvalifikasjonar

Soknerådet sine oppgåver er mange og spennande. Korleis oppgåvene blir løyste varierer frå kyrkjelyd til kyrkjelyd. Rådet treng menneske med forskjellig bakgrunn, alder og kjønn. Det er behov for ulike mennesketypar som er *interessert* i kyrkja sitt arbeid. Som medlem i soknerådet vil du måtte setje deg inn i alle sider av arbeidet til kyrkjelyden. Du vil lære, verta utfordra og verta ein del av eit arbeids-team. Du kan vere med på å forme kyrkja di.

Fellesrådet – Personalansvar og økonomi

Nokre av dei som sit i soknerådet blir vald som medlemmer til fellesrådet. I kvar kommune er det eit kyrkjeleg fellesråd. Der det berre er eitt sokn i kommunen, vil sokneråd og fellesråd vere det same. Men dei fleste stader er fellesrådet eit eige råd

med medlemmer frå alle sokneråda i kommunen.

Fellesrådet har personalansvar for ein del av dei som er tilsette i kyrkjelydane. Rådet skal sørge for profesjonell økonomistyring og medviten personalpolitikk. Eit anna viktig arbeidsområde er å arbeide med kontakten mellom dei ulike kyrkjelydane i kommunen, og samarbeid med kommunen sin administrasjon. Fellesrådet arbeider dessutan med forvaltning av eigedommar, kyrkjegardsdrift og kontorhald for prestar.

Bispedømerådet og Kyrkjemøtet – Kyrkjepolitikk og strategi


Det er eit bispedømmeråd i kvart bispedømme. Sokneråda vel fleirtalet av medlemmane til bispedømmerådet. Det er og sokneråda som nominerer kandidatar. Bispedømmerådet utgjer igjen Kyrkjemøtet som er det øvste organ i Den norske kyrkja. Av dei som utgjer Kyrkjemøtet, vert Kyrkjerådet og Mellomkyrkjeleg råd vald.

Kyrkja i samfunnet

Det lokale soknerådet er med på å forme morgondagen si kyrkje. Samfunnet vårt forandrar seg. Tempoet er høgt. For å vera ei levande kyrkje for alle, må kyrkja ha eit medvite tilhøve til endringane i samfunnet. Dette gir utfordringar og skaper mange moglegheiter.

Nokre av utfordringane soknerådet og kyrkja kjem til å arbeida med i perioden 2001-2005, vil vere:

- *Tilhøvet mellom kyrkja og staten*
 Dette vil vera eit viktig spørsmål heile perioden. Våren 2002 vil Kyrkje/stat-utvalet sine arbeid vere avslutta og konklusjonane skal trekkjast.



Misunninga som øydelegg

Ein har sagt det slik at "vi bør glede oss over det som er vårt, utan å gjera samanlikningar. Ein vert ikkje lukkeleg så lenge mange er plaga av at andre er meir lukkelege".

Misunninga kan føre mykje vondt med seg. Den kan gje strid mellom menneske, også mellom dei som elles står kvarandre nær. "Legg difor bort all... misunning" skriv Peter (1. Peters brev kapitel 2).

Mange av oss har ein tendens til å tru at andre har det betre, eller er betre enn oss sjølv. Mange av kjeldene til misunning byggjer på innbiling.

Korleis skal vi møte freisting som kjem frå misunninga? Eit godt utgangspunkt er å tenkje over at Gud har skapt oss eineståande, den einskilde av oss. I Guds augo er vi alle like, om vi på menneskeleg vis er ulike.

Vi treng alle oppmuntring i kvardagen. Om vi hadde vore flinkare til å ære kvarandre, hadde vi truleg vunne over mange av dei vonde opplevingane frå misunninga.

Audun Mosevoll, KPK

Debutkonsert i Oslo domkirke 19. september 2001

I september har kantor Olav Arne Steinkopf permisjon frå stillinga si som kantor i Vaksdal prestegjeld. Årsaka er at han onsdag 19. september skal ha sin debutkonsert som konsertorganist i Oslo domkirke. Kva er ein debutkonsert? Kvifor debutere?

På ein debutkonsert stiller ein seg til open skue for alle som ynskjer å høyre. Ein presenterar eit musikkprogram frå ulike epokar i musikkhistoria for å vise breidde, og eit program med stor vanskegrad for å syne teknikk. Totalt ynskjer ein å vise kva for musikalske kvalitetar som bur i ein. Håpet er å ha mange tilhøyrarar, og avisjournalistar/reportarar som kan gje innsiktsfulle og verdige kritikkar. Får ein "gode" kritikkar vil det vere lettare i neste omgang å få spennande oppdrag som utøvande musikar.

Dei tradisjonelle debutkonsertane i hovudstaden har som regel vore i "universitets aula". Debutkonsertar på orgel har gjerne gått føre seg på "byens største og beste orgel". Mange meiner at det nye hovudorgelet Oslo domkirke (Ryde&Berg 1998, 53 stemmer) i dag er det beste orgelet i hovudstaden.

På konserten den 19. september vil kantoren i Vaksdal presentera eit program på omlag 90 minuttar. 15 av desse minuttar er gjeve til ei urframføring av tingingsverket "Forkynnaren" av Knut Vaage. Verket er skriva for orgel, trompet og slagverk. Ved framføringa av dette verket vil *Per Jørgensen* og *Ivar Kolve* medverke på trompet og slagverk.

For dei som har interesse for det, og som ikkje har høve til å reisa til Oslo, vert det mogleg å få høyre delar av debutprogrammet, deriblant dette spennande verket av Knut Vaage i Bergen domkyrkje laurdag 22. september. Då held Olav Arne Steinkopf, Per Jørgensen og Ivar Kolve konsert i samband med "orgelfestuken".

**ALT I KJØKKENINREDNING
BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE
SNEKKERVERKSTED**

**SNEKKER
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 977 36 590



PETERSEN & YPSØY

Dalekvam A/S

Bokhandel - Steintøy - Kiosk - Foto

Konsul Jepsensgt. 4

Telefon: 56 59 61 58 - Faks: 56 59 67 66



FRI BOKHANDEL BA

Frie bokhandlere for fantasi og fellesskap

Snittar * Koldtbord * Begravelses-sammenkomster
* Overtidsmat * Møtelokale * Video * Stor-kiosk
Fast-food * Pizza * Musikk * Verksted * Dekk



Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.

Tlf. 56 59 67 36 - Fax: 56 59 67 75 - E-mail kaajo@online.no



Dalehallen, Tlf 56 59 64 44

Har du lyst til å fornye deg?

Vi hjelper deg med ny klipp, hårfarge og make-up.

-Kosmetikk

-Fjerning av uønsket hår

-Hull i ørene

-Hair extensions (sveising)

-Brudepynting

Trelast og byggevarer



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70

Dalegarden, 5722 Dalekvam

Nye Dale



Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.

Meir tid til det som er viktig

Med NettBank kan du utføre
dine banktenester sjølv via internett

SpareBank 1 Vest

Tlf. 815 22 002 www.spv.no



DALE MATSENTER

Pb. 163, 5701 Voss

tlf. 56 59 62 23

faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.



**Hjelp unge i Brasil
til ein ny start.**

Kirkens Nødhjelp støttar mange tiltak mot vald
i Brasil. Felles for alle prosjekta vi støttar er at
dei har som mål å gje ungdom tilbake sjølv-
tilliten og trua på eigne krefter.

Ring 820 43 033 og gje 100 kroner eller bruk giro 110.



**SLEKTERS
GANG****DØYPTE****DALE**

- 01.07. Ingrid Boge Sigurdson
Bjørn Kristian Vikøren
22.07. Alfred Langhelle Lee
Thea Nielsen Karlson

VAKSDAL

- 08.07. Sandra Flåm Krogsrud
29.07. Maren Herfindal Nilson

BERGSDALEN

- 15.07. Sindre Jansen Vedå
Henrik Selberg Wisth

EIDSLAND

- 12.08. Anne Madele Ekse

VIGDE**EIDSLAND**

- 30.06. Ragnhild Irene Abrahamsen
og Rune Nordheim

EKSINGEDALEN

- 28.07. Aud Marit Brønstad
og Ivar Rødland Bergo

DALE

- 11.08. Lena Langhelle Sellevold
og Sveinung Sæterdal

AVLIDNE**VAKSDAL**

- 15.07. Ovald Knutsen, f. 1912

EIDSLAND

- 05.07. Jakob Mo, f. 1913

DALE

- 31.07. Aslaug J. Berge, f. 1912

STAMNES

- 16.07. Anna Kallestad, f. 1910

**VELKOMEN
TIL KYRKJE****VAKSDAL KYRKJE****19. aug. kl. 11.00.**Høgmesse. Nattverd.
Kvamsøe.**2. sept. kl. 18.00.**Familiegudsteneste.
Konfirmantpresentasjon.
Bø.**16. sept. kl. 18.00.**Høgmesse. Nattverd.
Kvamsøe.**30. sept. kl. 11.00.**Høgmesse. NLA deltek.
50-års konfirmantjubiläum**DALE KYRKJE****26. aug. kl. 18.00.**Familiegudsteneste.
Konfirmantpresentasjon.
Kvamsøe.**9. sept. kl. 11.00.**Høgmesse. Nattverd. Dåp.
Bø.**23. sept. kl. 18.00.**

Høgmesse. Kvamsøe

7. okt. kl. 11.00.Høgmesse. Nattverd. Bø.
50- og 60- års konfirmant-
jubiläum.**STAMNES KYRKJE****26. aug. kl. 17.00.**Familiegudsteneste.
Konfirmantpresentasjon. Bø.
9. sept. kl. 18.00. Høgmesse.
Nattverd. Bø.**30. sept. kl. 11.00.**

Høgmesse. NLA deltek.

BERGSDALEN KYRKJE**2. sept. kl. 11.00.**Søndagsskulens Dag.
Familiegudsteneste.
Kvamsøe.**16. sept. kl. 11.00.**Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Bok til 4-åringane.
Stemna**28. okt. kl. 11.00.** Høgmesse.

Kvamsøe.

SOKNERÅDSVAL

EIDSLAND KAPELL**23. sept. kl. 11.00.**Høgmesse. Konfirmant-
presentasjon. Bø.**EKSINGEDALEN KYRKJE****16. sept. kl. 11.00.**Høgmesse. Bø. Deltakarar på
konfirmantleiren deltek.**NESHEIM KYRKJE****30. sept. kl. 16.00.** Høgmesse.

Nattverd. Kvamsøe.

NLA deltek

VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i
lokalavisene og på plakatar for å
kontrollera m.a. klokkeslett for
gudstenestene.